

Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 15.11.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Kvanndalselva har ein viktig funksjon som anadromt vassdrag. Hordaland fylkeskommune ber om ytterlegare utgreiing av potensielle konsekvensar for sjøaure i elva før NVE fattar avgjerd om løyve til søknaden.
2. For å ta vare på opplevinga av kulturmiljø og -landskap vil Hordaland fylkeskommune tilrå at vassføringa i elvene vert oppretthaldt i størst mogleg grad.
3. Alternativ bruk av tunnelmassane skal vurderast framfor deponi.
4. Utbygging vil redusere levetilhøva for fossekall og vintererle. Avbøtande tiltak, som oppsetting av reirkassar og å ta vare på elvekantvegetasjon, kan kompensere for noko av dette og bør vere med i ein eventuell konsesjon.